

**Landbruk**

Besøksadresse: Kvernhusmyrane 41  
 Telefon: 56 37 50 00 Telefaks 56 37 50 01  
 Postadr.: Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø  
 E-post: postmottak@lindas.kommune.no  
 Heimeside: www.lindas.kommune.no  
 Kartside: www.nordhordlandskart.no  
 Org.nr: 935 084 733 Bank: 1503 22 54567

Andreas Hundvin

Nykirkealmenningen 23  
 5010 BERGEN

Dykkar ref.

Sakshandsamar:

Nils Kaalaas

Vår ref.

Telefon

2013/43 - 0 -  
1721/2013

56 37 56 31

Arkivkode:

Dato:

56/9

21.01.2013

*Delegert sak***Konsesjon - gbnr 56/9 Hundvin****Dokument:**

Søknad om konsesjon frå Andreas Hundvin innkome 03.01.2013 med vedlagt skøyte.

**Saka gjeld:**

Andreas Hundvin har inngått avtale om kjøp av gnr 56 bnr 9 Hundvin i Lindås. Eigedomen er ein landbrukseigedom og for å overta eigedomen treng kjøpar konsesjon. Kommunen er konsesjonsmynde, og saka vert såleis handsama etter delegert fullmakt av fagleiar landbruk.

**Planstatus:**

Eigedommen er landbruk, og ligg i eit område som i gjeldande kommuneplan for Lindås har status LNF – landbruk-, natur- og friluft-område.

**Om gnr.56 bnr.9:**

Eigedomen sitt totale areal etter jordregisteret er på 256 da. Av dette er fulldyrka jord og overflatedyrka jord samla 19 da, produktiv skog 160 da og 77 da er anna markslag. I tillegg har bruket nokre skogteigar både ved vegen til Kvalvåg og ved Kjeggarvatnet. Her ligg grunnen som felles beite, men det er bruka som har eigedomsretten til ståande skog. Eigedommen har bustadhus av eldre dato men dette ser ut til å vera i dårleg stand, løe som og er i dårleg forfatning og eit gammalt naust.

Eigedommen har ikkje vore i sjølvstendig drift på mange år, men har delvis vorte hausta av andre.

Avtalt kjøpesum er kr.1.450.000,- ein million 4 hundre og 50 tusen kroner.

Det ligg ikkje føre takst på eigedommen.

**Om konsesjonssøkjaren:**

Andreas Hundvin er oppvaksen på nabobruket der han har delteke i drifta opp gjennom åra og har etter han var 16 år vore avløysar. Han opplyser at han vil driva konsesjons eigedomen saman med bruket som foreldra driv.

**Vurdering og vedtak:**

Spørsmålet om konsesjon skal vurderast i høve Lov om konsesjon §§1 og 9.og Rundskriv M-3/2002 med endring i M-1/2010

§1 gjeld føremålet med lova: *Lova har til føremål å regulere og kontrollere omsetninga av fast eigedom for å oppnå eit effektivt vern om landbrukets produksjonsareal og slike eigar- og brukstilhøve som er mest gagnleg for samfunnet.*

§9 listar opp dei tilhøva som skal vurderast for å avgjere om ein søkjar skal få konsesjon: *Ved avgjerd av søknad om konsesjon for erverv av eigedom som skal nyttast til landbruksføremål skal det særleg takast omsyn til:*

- *om den avtalte prisen er i samsvar med ein samfunnsmessig forsvarleg prisutvikling*
- *om føremålet med ervervet vil take vare på busettinga i området*
- *Om ervervet er ei driftsmessig god løysing*
- *Om ervervaren er skikka til å drive eigdommen*
- *Om ervervet vil take vare på ressursar og kulturlandskap på ein heilskapleg måte*

Om prisen:

Avtalt pris er kr.1.450.000

Eigdommen det her gjeld har eit samla areal av fulldyrka jord og overflatedyrka jord på 19 dekar. I rundskriv M- 1/2010 vart nedre beløpsgrense for prisvurdering

Om føremålet med ervervet vil take vare på busetting:

Føremålet med ervervet er i hovudsak bustad og drift av eigdommen saman med foreldra.

Om ervervet er ei driftsmessig god løysing:

Ein kan ikkje sjå at overtaking av eigdommen vil gje endringar i dei driftsmessige forholda og ein kan heller ikkje sjå at ein kan betra forholda med å setja vilkår etter konsesjonslova.

Om kjøparen er skikka til å drive eigdommen:

Ut frå det som er skrivne i vedlegg til søknad, så skulle søkjarane vera vel skikka til å ta vare på eigdommen på ein god måte.

Om ervervet vil take vare på ressursane og kulturlandskapet på ein heilskapleg måte:

For at dette føremålet skal verte oppfylt, vil det krevje at eigdommen er i drift som landbruk. Det er naudsynt å drive i skogen, og hauste innmarka og sleppe dyr på beite. Vidare krev det at bustadhuset og dei andre bygningane vert teke vare på.

**Konklusjon.**

Slik søknaden no ligg føre, har Lindås kommune ingen merknad til at det no vert gjeve konsesjon for overtaking av gnr 56 bnr 9 Hundvin

**Vedtak:**

Lindås kommune gjev med dette Andréas Hundvin konsesjon for overtaking av gnr 56 bnr 9 Hundvin i Lindås kommune. Det er vilkår at søkjar innan rimeleg tid buset seg på eigdommen og driv areala på ein forsvarleg måte. Kommunen har ingen merknad til kjøpesummen.

*Vedtaket er eit einskildvedtak, og det er klagerett etter forvaltningslova.*

Med helsing

Nils Kaalaas

fagleiar landbruk